

## REFERAT MØTE 2/19 – FYLKESVEGRÅDET

Møtedato: 14.02.2019 Tid: 08.30-12.00 Møtestad: Fylkeshuset

Møteleiar: Håkon Rasmussen

Referent: Jon-Rune Smørdal

Deltakarar: Frå Statens vegvesen (SVV): Grethe Vikane, Håvard Mørch Hunskaar, Beate Mæsel, Kari Beate Rong, Kathrine Løno Lahlum (sak 5), Lars Øyre (sak 5), Morten Farstad (sak 2) og Siri Bernås (sak 2)

Frå Hordaland fylkeskommune (HFK): Håkon Rasmussen, John Martin Jacobsen, Rolf Rosenlund, Torill Klinker, Jon-Rune Smørdal, Bente Utne, Hans-Christian Engum, Erlend Iversen (sak 2) og Lars S. Skeide frå Skyss (sak 2)

Fråvære: Nils Vetlesand

Kopi til: [Ingrid Holm Svendsen](#) og [Solveig Hollund](#)

### Godkjenning av innkalling og sakliste:

Sakliste og innkalling vart godkjent.

### Godkjenning av referat frå førre møte:

Referatet frå møtet 09.01.2019 vart godkjent.

## 1. Orientering frå møte med Os kommune om diverse vegprosjekt, HFK v/John Martin Jacobsen

### Åsen – Helleskaret

Fylkestinget vedtok juni 2016 at HFK skal bidra med 1/3 av finansieringskostnadane som utgjorde 17 mill. 2016-kr, men prosjektet ligg an til å verte dyrare enn kalkylen i 2016. Kostnadskutt skal vurderast og det skal vere eit nytt møte om finansiering 13. mars. Per i dag er prosjektet ført opp med eiga linje i Investeringsprogrammet etter 2023, men kommunen ønskjer no å gjennomføre prosjektet så raskt som råd er.

### Fv 137 Hegglandsdalen

Styrings-/budsjetttramma per i dag ligg på rundt 36 mill. kr inkl. mva. Tiltaket vert finansiert gjennom programområdet gang- og sykkeltiltak, tilskot frå Os kommune og midlar frå ordninga «Trygg skuleveg og punktutbetring» i 2018. Ny kalkyle inklusiv ny bru (kombinert bil og gs-bru) ligg noko over styringsramma. I møtet i Fylkesvegrådet 09.01.2019 vart det bestemt at alternativet med separat gs-bru skal utgreiast nærare, då dette kan gje ei innsparing på omlag 5 mill. kr. Fylkesvegrådet tilrår dette alternativet. I tillegg til finansieringsplan står det att nokre detaljar knytt til regulering og grunnverv som må avklarast før ein kan gjennomføre prosjektet.

### Fv 552 Hatvikvegen

Prosjektet vart drøfta i møte i Fylkesvegrådet 20.12.2018 og det vart bestemt følgjande

oppfølging:

«Os kommune vert kalla inn til eit møte der dei får tilbakemelding på dei skisserte alternativa og vidare saksgang vert avklart. Finansieringsplan må også vurderast nærare.»

Prosjektet vart tatt opp i møte med Os kommune og det er avklart at ein jobbar vidare med forenkla løysing innanfor regulert løysing. Finansiering er ikkje avklart.

Os kommune har også tatt opp andre behov:

- Fv 163 Sperrevikvegen der kommunen ønskjer ny bru for mjuke trafikantar. Dette behovet vert utgreia vidare i samarbeid med SVV
- Manglande fortau/gs første del av Fv 158 Lespøyvegen frå Lepsøykrysset

Finansiering av desse to prosjekta er uavklart og HFK har ikkje bunde seg opp til noko bidrag.

## 2. Plan og framdrift for oppgradering av Olav Kyrres gt. og avvikling av kollektivtrafikken i prosjektperioden, HFK v/Erlend Iversen, SVV v/Morten Farstad (prosjektleder) og Siri Bernås, samt Skyss v/Lars S. Skeide

Det vart fyrst orientert om diverse kollektivprosjekt i sentrum dei komande åra inkl. bybanen BT4 som vil påverke køyremønster og omlegging av haldeplassar m.m.

Deretter var det orientert meir i detalj korleis oppgradering av Olav Kyrres gt. vil påverke køyremønster for kollektivtrafikken. I anleggsperioden vil det bli ein del ulemper for dei reisande, men i samarbeid med involverte partar er det utarbeidd løysingar. Skyss legg vekt på god informasjon til dei reisande i mange kanalar etter følgjande plan for endra køyremønster:



Framdriftsplan for oppgradering av Olav Kyrres gt:

- 23. april 2019: gata vert stengt
- Mai 2020: opning av gata
- Juli 2020 fjerning av midlertidige haldeplasser

### **3. Håkonshellavegen - vidare framdrift og prosess, SVV v/Beate Mæsel**

Målet for prosjektet er å betre trafikktryggleiken gjennom å etablere nytt, trygt og attraktivt tilbod for gåande og syklende, betre framkome, sikre framkome for kollektivtrafikken/reducere reisetid for kollektivreisande og bidra til å oppnå nullvekstmålet.

Per i dag ligg det føre godkjent reguleringsplan for vegen og det er gjennomført forprosjekt med traséalternativ. Prosjektet var oppe som sak i Fylkesvegrådet 27.09.2018. Det vart konkludert med at SVV jobbar vidare med kostnadsusikkerheit. Kostnad er førebels kalkulert til 90 mill. 2019-kroner, men det er knytt noko usikkerheit kring grunntilhøva i Valsmoglobukta. Miljøundersøking av søppelfylling nord for Valsmoglobukta og frigjeving av kulturminne må også avklarast i vidare prosjektering.

Riksantikvaren har 01.11.2018 vedteke at det må gjennomførast arkeologisk utgravingar før vegbygging kan starte opp, og det er behov for at 7,41 mill. kr. Det vil bli tatt opp som sak i AKG om ein løyva midlar til dette. (Tilføyning: dette vart vedtatt i AKG 22.02.19).

Realisering ut over prosjektering og utgraving føreset prioritering i handlingsprogram for Miljøløftet.

### **4. Investeringar av vedlikehaldskaraktar i Miljøløftet, prioritering av tiltak 2019, SVV v/Beate Mæsel**

Fordeling av midlar 2019 – 26 mill. kr:

1. samlepott fortau , nedslitte kantar, dårlig dekke og krevjande drift, Fyllingsdalen, 8 mill. kr
2. oppgradering styreapparat, lyskryss m.m., 6 mill. kr
3. høgdebegrensningsskilt i Løvtakktunnelen, 1 mill. kr
4. justeringar fartshumpar Nesttun m.m., 1 mill. kr
5. fv. 188 Sædalsveien flaumbegrensing/framkome, 4 mill.kr
6. Søylene Sundtsbru, Arna, 2 mill. kr.
7. fv. 585 Kalfaret II –Hansaparken (avskalling og korrosjon på «bruløysing»), 2 mill. kr
8. Nordeide og Søreide gangbruer, 2 mill. kr

Når det gjeld prosjekt 6 og 7 er dette ei startløyving. Ein må vurdere å sjå vidare finansiering i samanheng med eit opprustingsprogram for bruer på fylkesvegnettet.

### **5. Kvinnheradpakken; vidare framdrift, etablering av styringsgruppe og drøfting av kontraktstrategi, HFK v/John Martin Jacobsen og SVV v/Grethe Vikane, prosjektleiar Kathrine Løno Lahlum og Lars Øyre**

Sak om «Kvinnheradpakken – delvis bompengefinansiering og fylkeskommunalt bidrag» vart vedtatt av fylkestinget 11./12. desember 2018. Bompengesøknaden er oversendt Samferdselsdepartementet, og det skal gjennomførast kvalitetssikring (KS2). Ein reknar med handsaming i

Stortinget hausten 2019 eller våren 2020.

Det er berre 22 % av pakken som er finansiert gjennom bompengar. 41 % er finansiert via rassikringsmidlar og resten med fylkeskommunale og kommunale midlar.

Kvinnheradpakken har i praksis ti prioriterte prosjekt i pakken, herav to rassikringsprosjekt.

Finansieringsplan for fylkesvegsatsinga i Kvinnherad										
Pri	Vegnr.	Prosjekt	MVA komp KK	MVA komp HFK	HFK tilskot	HFK Rassikring	Bompengar	Kommunal tilskot KK	Komp arb. Avgift	Kostnad 2018-kr
	Fv 48	Ny veg Lundssvingane	6,3		10			3	20,3	40
	Fv 48	Kollektivtiltak Rosendal	7					31		38
		Kollektivtiltak Husnes	2		10					12
Totalt, fylkesvegsprosjekt i kommunen er byggherre for			15	0	20	0	0	34	20	90
1	E39	Nytt ferjesamband mot Stord, planlegging			4					5
2	Fv 551	Furebergfossen bru		10		47				57
3A	Fv 551	Folgefonn tunnelen – Arsnes, byggetrinn 1 (Tunnel Sunndal)		60		260	30			350
3B	Fv 551	Folgefonn tunnelen – Arsnes, byggetrinn 1 (Vegutbetring)		18	61		21			100
4	Fv 48	Herøysundet		5			13	11		29
5		TS tiltak – generelt (punktutbetring), herunder Kallestadvegen		6	5		20	2		33
6	Fv 544	Sæbøvik – Eidsvik – Tofte		5			24	3		32
7	Fv 544/48	Opsanger – Porsvik		15			49	23		87
8	Fv 48	Sandvoll Sentrum, byggetrinn 1		8			1	36		45
9	Fv 551	Folgefonn tunnelen – Arsnes, byggetrinn 2		1			7			8
Totalt, Kvinnheradpakken			0	129	70	307	165	75	0	746
Totalt fylkesvegsatsing i Kvinnherad			15	129	90	307	165	109	20	836

For prosjektet Fv. 551 Furebergfossen (prioritet 2) er det inngått kontrakt, og byggestart er nær forestående. Prosjekt med prioritet 1 «Planlegging av nytt ferjesamband mellom Stord og Kvinnherad» er også i gang. Øvrige prosjekt er i ulike delar av planfasen. Det er også nokre prosjekt som gjeld samferdselssatsinga i Kvinnherad som ligg utafor pakken, og som er ferdig/under bygging/planlegging. Det er behov for å koordinera alle desse aktivitetane og sikre vidare framdrift, så SVV ønskjer at det vert etablert ei styringsgruppe.

SVV gjekk gjennom status for prosjekta, herunder kva framdriftsplan dei legg opp til og kontrakts- og gjennomføringsstrategi.

Fylkesvegrådet tilrår å opprette ei styrings-/samarbeidsgruppe no, med utgangspunkt i dei midlane som ikkje er bunde opp til bompengar. Oppretting av styringsgruppe og vegen vidare må forankrast i Kvinnherad kommune. Når proposisjonen er vedtatt vil mandatet til styringsgruppa bli justert.

#### Konklusjon:

- Fylkesvegrådet gjev tilslutning til vidare plan som vart presentert i møte. Det er viktig å halde framdrift, bygge Furubergfossen bru og bruke rassikringsmidlar fyrst. Om ikkje bompengesøknad går gjennom fører dette berre til at dei siste prosjekta ikkje vert gjennomført.
- SVV og HFK arrangerer eit møte med kommunen for å forankre oppretting av styringsgruppe og vidare plan. Prosjektleiari Kathrine, og Bente Utne følgjer opp.
- Det vert lagt fram ei orienterings sak for MISA i april 2019.

## 6. Problemstillingar rundt gangbru i Bjørgeveien, omklassifisering og mva, v/Bente Utne

Bente orienterte om regelverket for mva. ved overføring av fv-prosjekt: Overføring av prosjekt

til/frå fylkesveg utløyser såkalla justeringshendingar i forhold til mva-regelverket. Når til dømes eit prosjekt vert bygd av fylkeskommunen og deretter overført til ein kommune, må ein vera merksam på at det må utarbeidast avtale om justeringsplikt mellom fylkeskommunen og kommunen samtidig med den formelle overføringa.

## 7. Orientering om utkast til utfordringsnotat for budsjettprosess for fylkesveg, v/John Martin Jacobsen og Jon-Rune Smørdal

I samarbeid med Samferdselsavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune er det utarbeidd eit utkast til utfordringsnotat for fylkesvegbudsjett 2020 og økonomiplan, som var sendt ut i forkant av møte. I notatet samanliknar ein nøkkeltal for dei to fylkeskommunane, økonomiske rammer og prioriteringar på eit overordna nivå og gjev ei oversikt over nokre av utfordringane som må avklarast i den vidare budsjettprosessen.

## 8. Siste nytt om framdriftsplan for utlysing av driftskontraktar for Nordhordland, Voss og Stord, SVV v/stab

SVV informerte om siste nytt for framdrift, ulik tidsperiode på kontraktane for fylkesvegnettet og riksveg, samt overgangsordningar etter 01.01.2020. Kontraktane vert lyst ut i løpet av dei næraste vekene.

Fylkesvegrådet har tidlegare vurdert det at det kan vere aktuelt å trekke ut drift av enkelte rasteplassar og turistveganlegg i eigne kontraktar. Det vil her bli stilt krav til fleksibilitet i kontraktane, som gjer at vi kan trekke dette ut på eit seinare tidspunkt.

Stor-Bergenkontrakten går ut i august 2020, så det er viktig å starte førebuing i tide.

## 9. Regionreforma/sams vegadministrasjon – siste nytt

Det er utarbeida oppdatert oversikt over kor mange årsverk i SVV som i dag er knytt opp til fylkesveg:

Vestland	2017	2018
<b>De nye fylkeskommunene</b>		
<b>Hordaland og Sogn og Fjordane</b>	<b>265</b>	<b>287,3</b>
Årsverk knyttet til fylkesveg investeringer	107	116
Årsverk knyttet til drift- og vedlikehold på fylkesveg	61	71
Årsverk knyttet til forvaltning av fylkesveg	36	38
Overordnet planlegging, ledelse og styring av fylkesveg	18	16
Årsverk knyttet til ferjeforvaltning på fylkesveg	1	1
Andel av årsverk knyttet til kompetanseutvikling	9	10
Årsverk knyttet til faglig støtte på fylkesveg, fra VTA i regionen	3	4
Årsverk knyttet til administrative funksjoner på fylkesveg (i regionen og 0212)	14	14
Årsverk knyttet til administrative fellesfunksjoner på fylkesveg som organisatorisk tilhører Vegdirektoratet	10	12
Årsverk knyttet til faglig støtte fra VD	6	6

Overføringsavtale er signert. SVV vegavdeling er ferdig med kartlegging av dei tilsette og HR-avdeling i SVV sjekkar ut dette i forhold til dei årsverka som er meldt inn for overføring.

Seksjonsleiarstillingane som gjeld samferdselsfeltet vert snart lyst ut internt i SVV og HFK.

Bemanningsplan for Vestland fylkeskommune sendast etter planen SVV innan 1. april.

Plan for omorganisering av resten av SVV er komen godt i gang, men meir klart ut i april.

Det blir viktig å få oversikt over kva avtaler m.m. som må på plass i dei prosjekta der fylkeskommunen skal ta over byggherreansvaret.

Når mellomleiarane og etter kvart tilsette er innplassert må ein sjå nærare på kor mykje tid som kan settast av til å førebu og bygge opp den nye organisasjonen.

## 10. Ymse

1. I vedteke investeringsbudsjett er det sett av 22 mill. kr til nye ferjebuer i Jondal og Tørvikbygd. Det er i praksis SVV som følgjer opp investeringsprosjekta, så dette vil bli lagt inn som ein del av spesifisert budsjett til leveranseavtalen.
2. Håkon er kalla inn til eit førebuande møte som gjeld Riksrevisjonen sin forvaltingsrevisjon av myndigheitene sitt arbeid med å tilpasse bygningar og infrastruktur til et klima i endring. Samferdselsavdelinga vil sende over meir informasjon om dette til SVV og avklare vidare oppfølging.
3. Det vart gjort følgjande vedtak i klagenemnda 11.09.2018:

*«Klage av 18.10.17 frå BKK AS, over den delen av Statens vegvesen sitt vedtak av 27.09.17, om at BKK AS må bere kostnaden ved å flytte transformatorstasjonen ved Carl Konows gate vert teke til følgje. BKK AS må ikkje bere kostnaden ved å flytte transformatorstasjonen.»*

HFK fekk ei juridisk vurdering før handsaming i klagenemnda. Fylkesvegrådet drøfta kva konsekvensar dette vil/kan få i liknande saker i framtida og korleis vi skal tilpasse oss til dette.

4. Håkon informerte om siste nytt for handsaming av forslag til forenkla G/S-veg over Kvamskogen.